

Høyringsuttale frå Norsk fjellsenter og Klimapark 2469

Innlandssamfunnet står framfor dei same store utfordringar som resten av landet og resten av verda, natur og klima i endring og under press.

Norsk fjellsenter og Klimapark 2469 har som målsetting å formidle kunnskap om klima og natur, og vi har nå forsterka samarbeidet med forskarnettverket gjennom eit omfattande prosjekt som vi kallar Fjellviten. Prosjektet har som fellesnemnar fjellet som kunnskapsarena, og forsterkar formidlinga av endringar i klima og natur i høgfjellet. Unge og yngre vaksne er hovudmålgruppa.

Prosjektet har fått midlar frå Sparebankstiftelsen DNB, 22 millionar, og har ei totalramme på 38 millionar for å nå målet. Klimapark 2469 og Norsk fjellsenter bruker i tillegg lenge oppsparte utviklingsmidlar i denne satsinga.

Dette er ei satsing som er svært viktig for Innlandet, i tillegg ei nasjonalt viktig satsing. Satsinga er også i tråd med utviklingsmål i Innlandsstrategien og eit bidrag til å auke kunnskapen om dei store utfordringane endringar i natur og klima fører med seg.

Med uro registrerer Norsk fjellsenter og Klimapark 2469 ein fylkeskommunal skulestruktur-prosess som legg opp til ei forvitring av det levande og utviklingsorienterte bygdesamfunnet organisasjonane er ein del av. Kriteria som ligg til grunn for skulestrukturen, gjer at skuler som for eksempel Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule avd. Lom, blir for småe.

Eit godt samspel mellom bedrifter, næringsliv og skule er nøkkelen for å utvikle berekraftige samfunnsstrukturar og levedyktige bygdesamfunn. I slike samspel utviklar ein også kunnskap, og elevar kjenner på meistring.

For Fjellsenteret og Klimaparken i sitt arbeid med prosjektet Fjellviten, kjem trusselen om å legge ned vidaregåande skule på verst tenkelege tid. Det skaper uro i eit miljø vi er avhengig av å samarbeide med og det skaper uro for framtida. Fjellviten satsar på målgruppa unge og yngre vaksne. Vi skal nå bruke oppsparte utviklingsmidlar for å styrke kunnskapen om klima og natur, og vi treng ei forsterking av samspelet mellom skule og bedrift, ikkje ei avvikling. Prosjektet skal utvikle både det digitale og det fysiske klasserommet og ambisjonane er både nasjonale og internasjonale. Spannande forskingsmaterieill skal overførast i sanntid og vi skal skape arena for samhandling mellom menneske, elevar og forskarar.

Innlandet treng optimisme for å satse, yngre menneske og kompetansesarbeidsplassar for å utvikle seg. Om ein fjernar moglegheitene for at unge vaksne blir ein del av eit levande bygdesamfunn i ei viktig fase i livet, øydelegg ein ikkje bere for dei unge, men også for heile samfunnet.

Eit samfunn er som eit økosystem, alle er viktige for at det skal fungere. Om ein fjernar ei brikke bryt økosystemet saman.

Norsk fjellsenter og Klimapark 2469 etterlyser nå tydelege signal om satsing i heile fylket, nye spennande måtar og drive undervisning på, framtidretta tenking rundt korleis vi skal få levande bygdesamfunn som i neste omgang bidreg positivt til heile Innlandet.

Innlandet fylkeskommune har vore ein av dei viktigaste aktørane i utvikling av Norsk fjellsenter og Klimapark 2469. Utan denne satsinga hadde vi ikkje vore der vi er nå. Nå kjennes det prekært å få sagt i frå; riv ikkje grunnen under føtene på oss, fjern ikkje trua på utvikling, fjern ikkje dei yngre i bygdesamfunnet vårt, fjern ikkje kompetansen skulen bidreg med og la oss behalde optimismen.

Styreleiar Norsk fjellsenter

Jon Sjurgard

Styreleiar Klimapark 2469 AS

Asbjørn Stensrud

